

---

Saksnr: 2020/62095-2  
Saksbehandlar: Merete Hauge

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

## Nye Kvam vgs – Funksjonsprogram og romliste og sambruk med Kvam herad

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.

### Samandrag

Med bakgrunn i skulebruksplanen starta arbeidet med brukarmedverknad og programmering av den vidaregåande skulen i februar 2021. Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Omfang av samlokalisering og sambruk er avhengig av kommunen sitt romprogram som er planlagt fremja i heradsstyret i oktober i år. Funksjonsprogram og romliste for skulen vil kunne nyttast uavhengig av omfang og funksjonar for Kvam herad.

Ei samlokalisering sentralt i sentrum av Norheimsund vil byggje opp under utviklinga av eit sterkt og attraktivt regionsenter. I utviklinga av prosjektet og i samarbeidet med brukarane og Kvam herad er det lagt vekt på å følgje opp nasjonale forventningar til regional planlegging og Utviklingsplan for Vestland.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Funksjonsprogram
- 2 Romliste og areal
- 3 Tilstandsvurdering

- 4 Innmåling
- 5 Kulturminnedokumentasjon
- 6 Mogeigheitsstudie
- 7 Trafikksikkerhetsanalyse

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Norheimsund vgs og Øystese gymnas blei administrativt samla til Kvam vgs i 2017, men er framleis fysisk lokalisert på to stader. Verkstadundervisninga for elektro og datateknologi (EL) og teknologi og industrifag (TIF) ligg i Steinsdalen i Norheimsund, medan all anna undervisning skjer i Øystese.

Fylkesutvalet vedtok samlokalisering av skulane sentralt i Norheimsund i juni 2019.

Sjå <https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/DmbHandling/Details/15677?sourceDatabase=>

Verkstadareal for EL og TIF blir bygd først, og er planlagt ferdig i 2024. Teoriareal for EL og TIF vil bli bygt i andre steg saman med areal for studiespesialisering (ST), helse og oppvekstfag (HO) og Arbeids- og kvardagslivtrening (AKT). Heile skulen er planlagt ferdig til skulestart 2026.

Fylkeskommunen og kommunen jobbar tett saman om avklaring av tomt og omkringliggjande gatestruktur, parkering og uteareal. Det har vore utarbeid mogelegheitstudie, trafikkanalyse, kulturminnefagleg rapport og tilstandsanalyse av eksisterande bygg som grunnlag for pågåande detaljreguleringsplan. Heradsstyret vil få reguleringsplanen til 2. gangs handsaming i oktober i år. Arbeid med konkurransegrunnlag for pris- og designkonkurranse er tenkt starta opp i september, med planlagt evaluering av innkomne tilbod våren 2022.

Kvam herad ønskjer samlokalisering og sambruk for kombinasjonsbibliotek og fellesareal som vrimeleareal, kafé/ kantine og tekniske rom, administrasjon til kulturskule, vaksenopplæring og mogeleg også for kino/auditorium. Det er planlagt for 15 tilsette for Kvam herad og eit varierende elevtal opp mot 80 elevar. Årleg besøkstal for biblioteket var ca 40.000 før pandemien.

Den nye skulen vil dele idrettshall med Norheimsund skule og det er laga eit foreint framlegg til fordeling av tid. For å få nok timar til kroppsøving er det i tillegg programmert inn eit treningsrom med tilhøyrande garderober i den nye vidaregåande skulen. Vidare vil skulen nytte nærområdet til utegym og friluftsliv, særleg i den varme årstida.

I arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet har det vore ei målsetting å samlokalisere den vidaregåande skulen i Kvam i eit nytt, moderne og ikkje minst arealeffektivt skulesenter for å kunne utvikle dei gode kvalitetar i læringsmiljøa og utdanningsprogramma vidare. Skulen ønskjer å vere eit konkurransedyktig og føretrekt val for elevane i regionen. Skulen er planlagt for 310 elevar og 60 tilsette.

Samla nettoareal i programmet er 5160 m<sup>2</sup>, fordelt med omlag 1100 m<sup>2</sup> på Kvam herad og 4060 m<sup>2</sup> på den vidaregåande skulen, dvs omlag 5900 m<sup>2</sup> bruttoareal for den vidaregåande skulen. I tillegg kjem leige av ca 1200 m<sup>2</sup> idrettsareal for vgs.

Vi har hatt fokus på at både innhaldet og utforminga av bygg, uteområde og infrastruktur skal verke positivt for den vidare utviklinga av regionsenteret og bidra til sosial berekraft i regionen.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse for budsjettamme og funksjonsprogram og romliste.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.

Tiltaket ligg i vedtatt investeringsplanen ( jf FT sak 137/2020). Investeringsplanen som blir lagt fram i desember i år, legg opp til noko forsering av investeringane for fase 2 slik at heile prosjektet kan stå ferdig i 2026. Dette for å få ei mest mogleg rasjonell prosjektering, utbygging og framdrift i prosjektet.

Samlokalisering, sambruk og eit arealeffektivt nytt bygg vil bidra til lågare driftsutgifter. Vi har i dag eit samla bruttoareal på skulane i Norheimsund og Øystese på om lag 12.900m<sup>2</sup>. Den planlagde utbygginga vil såleis meir enn halvere arealet vi i dag driftar. Inntekt frå sal av dei eksisterande skulene vil og bidra positivt til totalrekneskapen.

Av andre økonomiske føremoner vil vi peike på at energibehovet i nybygget vil vere mindre enn i dei eksisterande bygga og tilrettelegging for bruk av fornybare energikjelder vil over tid ha positiv

verknad på driftskostnadane. Fokus på inneklima og miljøvenlege materialar vil kunne gje ei betre brukaroppleving og auka trivsel for elevar og tilsette.

Det er potensiale for endra arbeidsprosessar og lettare samhandling mellom avdelingar når drifta blir samla på ein stad. Optimal utforming av ein nye skule som støtter moderne pedagogikk vil kunne fører til nærare samarbeid mellom tilsette, mellom elevar og mellom tilsette og elevar. Skulen og avdeling for opplæring og kompetanse arbeidar og med å knyte skulen enda nærare til det lokale næringslivet

#### **Klima:**

Vi vil nytte erfaringar frå fleire av dei nye vidaregåande skulane som er bygt eller er under bygging for å sikre klimavenlege anlegg med fossilfrie energiløysingar og miljøvenlege materiale med mykje bruk av tre. Vi set krav om miljøklassifisering Breeam excellent for nybygg.

Det vil bli enklare å bruke kollektivtransport til og frå skulen. Ein av dei nye hovudinngangane til skulen vil liggje lett tilgjengeleg, rette ved hovudgata og kollektivterminalen i Norheimsund. Prosjektet legg opp til redusert parkering samanlikna med dagens situasjon. Vi legg til rette for tørr og sikker sykkelparkering med fasilitetar som tørkerom og garderober for tilsette og tørkerom og garderobeskap for elevane, slik at det skal bli meir attraktivt å gå og sykle til skulen.

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil gjere oss meir sårbare i møte med klimaendringane. Samla sett og i eit livsløpsperspektiv vil prosjektet bidra positivt til klimabudsjett og klimarekneskapan vår.

#### **Folkehelse:**

Med framtidig samlokalisering av Kvam vidaregåande skule vil vi skape eit skuleanlegg som styrkar likeverd og samarbeid mellom yrkesfaglege og studiespesialiserande studieretningar. Dette vil kome til uttrykk i organisering, ved utforming av omgjevnadene og i interiøret. Planlegginga av den nye skulen vil gje rom for læring på tvers av fagområde og identifisere viktige område for samhandling og sambruk av funksjonar med omsyn til fellesareal, verkstadar, spesialrom og generelle undervisningsrom. Samhandling mellom ulike fagområde vil bli stadig viktigare framover. Saman med vaksenopplæringa til Kvam herad vil den vidaregåande skulen bli eit viktig studiesenter i regionen. Kompetanse og utdanning nemnast som ein nøkkelfaktor for å redusere sosial ulikskap.

Vi har jobba ut frå at lett tilgang til bymessige funksjonar og sosiale aktivitetar i sentrum, nærleik til kollektivterminal og eit nytt universelt utforma skuleanlegg med gode uteområde vil vere positivt for livskvaliteten, ikkje berre for brukarane av anlegget, men for heile regionsenteret. Aktiviteten og energien ungdomane bring med seg vil bidra til eit levande sentrum. Samling av offentlege tenester kan styrke inkludering, integrering og samhaldet i regionen

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Arbeidet med å utvikle den vidaregåande skulen i samarbeid med tilsette, elevar og Kvam herad har skjedd med FN sine berekraftsmål som fundament og bakteppe. For å få ein god heilskap og samheng med omgjevnadane og sentrumsstrukturen i Norheimsund blei det sett i verk arbeid med mogelegheitsstudie og ny reguleringsplan. Sjølv i ei tid med store restriksjonar for fysiske møte har vi hatt fokus på medverknad, og har mellom anna gjennomført møte med barn og unge i Kvam for å få deira syn på kva som var viktig å ta omsyn til i planarbeidet. Det har vore ein open dialog basert på tillit og kompetanse både med leiinga, tilsette og elevane ved den vidaregåande skulen, med Norheimsund skule, representantar for lokalsamfunnet i Kvam og med Kvam herad. Alle har vore engasjerte og samarbeida for å få eit berekraftig og nyskapande anlegg som kan bidra til å utvikle Norheimsund som regionsenter og styrke skulen sin status gjennom eit inkluderande, universelt utforma og estetisk tiltalende bygg og som kan skape gode og relevante rammer for undervisinga.

Samarbeidet med skulen og kommunen har vore viktig for å stake ut ei retning som både kan styrke lokale og regionale strukturar, og for å finne løysingar tilpassa økonomiske rammer i investeringsplanar og offentlege budsjett.

Vi har jobba med forankring i regionale planar med særleg fokus på utvikling av eit livskraftig regionsenteret, klare mål om å redusere klimafotavtrykk og utslepp av klimagassar, avklaring av kulturminne og teke omsyn til folkehelsa ved å leggje til rette for eit godt, trygt og universelt

utforma miljø slik at ungdomane kan få dei beste føresetnadane for å fullføre vidaregåande opplæring.

Samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og kommunale areal til folkebibliotek, vaksenopplæring, idrettshall og mogeleg kino og kulturskuleaktivitet vil kunne gje meirverdi for alle partar. Med offentlege funksjonar sentralt plassert i sentrum av Norheimsund vil anlegget bidra til byliv og utvikling av urbane strukturar med forsterking av gateløp og møteplassar med ulike karakterar til glede for næringsliv og frivillige organisasjonar og innbyggjarane i regionen. Dette er ein mogelegheit til å vidare utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

### **Konklusjon**

Fylkeskommunedirektøren tilrår utbygging av den vidaregåande skulen i to trinn og som skildra over. Det same gjeld samlokalisering og sambruk, avtale om sameige og drift av anlegget med Kvam herad, med føresetnad om at heradsstyret fattar tilsvarende vedtak for sin del av areala.